



Verksamdsleiar Marie Elisabeth Kaldestad håpar på godt frammøte (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er torsdag kveld klokka 19 det blir halde møte for foreldre i skule og barnehage om grensesetting. Anne Margrete Vangsnes og Lisbeth Teigen Røssland er instruktørar i den spesielle metoden PMTO som har synt seg å vera effektiv og den vil dei presentera på møtet. Bokstavane står for Parent Management Training Oregon og som ein forstår er metoden utvikla i USA.

I presentasjonen heiter det at dette er ein effektiv behandlingsmetode for familier som har born med ålvorege adferdsproblem. Dette blir dokumentert gjennom ein studie som er gjennomført for stutt tid sidan.

Der vart foreldre som fekk PMTO samanlikna med foreldre som fekk annan behandling og rapporterte om mindre utagerande adferd. Samstundes rapporterte lærarane til borna om auka sosial kompetanse. Metoden har synt seg å vera særleg effektiv for barn under 8 år. Studien omfatta 112 barn frå 4 til 12 år.

Foreldrene som fekk PMTO utvikla betre ferdigheiter i grensesetting enn dei som fekk ordinær behandling og borna fekk på den måten meir utvikla evne til samarbeid.

Generelt er tilbodet på dette området godt her i landet samanlikna med andre land, men resultatene syner at det er viktig å jobba med desse problema gjennom foreldre. Det er difor viktig å forske vidare på metoden og mellom anna finna ut kvifor ikkje alle har nytte av PMTO og korleis metoden kan tilpassast større barn.

Verksemdsleiar Marie Elisabeth Kaldestad håpar at riktig mange kjem på dette viktige møtet.

Av Ola Matti Mathisen